

Retningslinjer for bursdagsfeiring – invitasjon og feiring

- utvikla i samarbeid mellom foreldra og personale i Veisane barnehage
- Foreldra kan levera bursdagsinvitasjonar til personalet i barnehagen i god tid før feiringa, personalet formidlar invitasjonen vidare til barna sine foreldre. Me ønskjer ikkje at invitasjonar vert lagt i barna sine hyller
- Bursdagsinvitasjonar i barnehagen skal verta gitt til heile barnegruppa/årskullet – (jenter/gutar – dersom gruppa er stor), det er ikkje lov å stenga barn ute frå fellesskapet
- Tenk over kven som vert invitert, det er ikkje greit å alltid vera den som ikkje får vera med. Selskapet vert snakka om blant barna både før og etter. Det er me vaksne rundt barnet som legg grunnlaget for haldningar og verdiar barna bygger sine handlingar på
- Foreldra – familieane hjelper kvarandre, til dømes ved å avtala transport til og frå bursdagar og andre arrangement. Det er viktig å syta for at alle kjem seg til og frå bursdagane – det er ikkje alle som har bil
- Barna skal ikkje ha med gåve i barneselskap - me vil ha fokus på inkludering, leik- og samspel. (Dersom familiar ønskjer å gi gåver kan det verta gitt i ei anna samanheng enn barneselskapet)
- Foreldra/føresette kan låna barnehagelokala til bursdagsfeiring – dette kan avtalast med styrar

